

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen  
[hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)

19. mai 2016

**ENGESUND FISKEOPPDRETT AS. SØKNAD OM UTVIDING FRÅ 780 TONN MTB TIL 1560 TONN MTB PÅ LOKALITET NR 11644 DUESUND I MASFJORDEN KOMMUNE.**

Engesund Fiskeoppdrett AS har løyve på lokalitet Duesund for ein MTB på 780 tonn for konsesjonen HFJ 0010 og visningskonsesjonen HFJ 0023. Det vert søkt om ei utviding av anlegget til 1560 tonn MTB innafor område AK 11 som i Masfjorden kommune sin kommuneplan 2012 – 2024 er regulert for akvakultur.

Den omsøkte lokaliteten er vist på vedlagte utsnitt av sjøkart og andre kartvedlegg i rapporten til Rådgivende Biologer AS (rapport nr 2248). Anlegget legg opp til ei miljøvenleg drift, med god plass til fisken i anlegget og bruk av nøter utan koparimpregnering. Engesund Fiskeoppdrett AS er snart den einaste oppdrettaren som sit att med så låge lokalitets MTB-ar på våre lokalitetar der ingen pr. dags dato er godkjent for meir enn 780 tonn MTB, og for å oppnå ei meir rasjonell og økonomisk drift er det avgjerande for oss å få auka lokalitets MTB-ane våre.

Rådgivende Biologer AS har på oppdrag frå oss gjennomført ei vurdering av den omsøkte oppdrettslokaliteten basert på kartstudiar, tidlegare strømmålingar, miljøgranskningar og kjennskap til tilsvarende oppdrettslokalitetar. I rapport 2248 føreligg det ei område- og lokalitetsskildding med verdivurdering og vurdering av verknader og konsekvensar ved ei utviding basert på undersøkingar på og rundt lokaliteten og i resipienten. Det også er lagt ved ei skisse med tekstdel som viser plasseringa av omsøkte anlegg med fortøyningar (målestokk ca 1:9.100) og skisse av anlegget (målestokk ca 1:1450).

Det er gjort nærliggjande strømmålingar og B-granskning på den omsøkte utvida lokaliteten, som syner at lokaliteten er godt eigna til oppdrettsverksemd, med gunstig habitat for gravande botndyr og gode tilhøve for vassutskifting i merdane.

Me vonar på ei snarleg og positiv handsaming av denne søknaden.

Vedlagt følgjer for lokaliteten ved Duesund:

- Utfylt søknadsskjema
- kvittering for betalt gebyr for utviding av lokalitets MTB-en på Duesund (Kr 12 000)
- Rapport nr 2113: B-granskning Duesund 2015.
- Rapport nr 2187: Straummåling og botngranskning ved oppdrettslokalitet Duesund.

I rapport nr 2248 frå Rådgivende Biologer AS som gjeld utvidingssøknaden så finn ein:

- område- og lokalitetsskildring
- djupnetilhøve i sjøområdet på og rundt lokaliteten
- vurdering av verknader og konsekvensar
- plassering av anlegget med fortøyningsplan (M= ca 1 : 9 100)
- dokumentasjon av anlegg
- skisse av anlegget (M= ca 1 : 1 450)
- beredskapsplanar for anlegget
- helsefråsegn for dei to siste utsetta
- dokumentasjon av IK systemet

Ein har ikkje lagt ved:

- Konsekvensutredning, då den omsøkte MTB er på 1560 tonn, og anlegget vil liggje innafor område avsett til akvakultur

Når det gjeld behovet for KU i denne konkrete saka, meiner vi at denne saka er tilstrekkeleg opplyst og ikkje treng noko vidare konsekvensutgreiing. I høve til Forskrift om konsekvensutredningar for tiltak etter sektorlover av 1. januar 2015 er det omsøkte tiltaket eit Vedlegg II tiltak som skal handsamast etter § 3 i nemnde forskrift. I høve til § 3 i forskrifta kan ansvarleg mynde krevje at tiltakshavar bidreg med naudsynte opplysningar før søknaden vert sendt på høyring dersom ansvarleg mynde meiner at søknaden ikkje gjev eit tilfredsstillande grunnlag for å vurdere om tiltaket kan få vesentlege verknader. Ved dette høvet stettar søknaden dei krav som gjeld for søknader om oppdrettslokalitetar i sjø, og den omsøkte lokalitets MTB-en er relativt låg. Det er soleis lite truleg at dette omsøkte tiltaket kan få vesentlege verknader på miljø, biologisk mangfald og samfunn, og me vurderer det slik at denne saka treng ikkje noko ytterlegare konsekvensutgreiing.

Med den omsøkte lokaliseringa av anlegget på lokaliteten, viser denne søknaden med den vedlagte dokumentasjonen at lokaliteten vil vere godt eigna til fiskeoppdrett.

Me vonar på ei snarleg handsaming av Engesund Fiskeoppdrett AS sin søknad.

Med venleg helsing



for Engesund Fiskeoppdrett AS

19.05.16

Svein Eivind Gilje